

Infoskriv mars 2017

Nye Ogna skule

Det er full aktivitet på skuletomta, og skulen begynner no for alvor å ta form.

Elevpaviljongane er tette, og innvendige arbeid med elektro, røyr og snikkarar er i full gang. Det forventast at heile bygget er tett før sommaren.

Det er også utført boring av brønner ned i fjell for bergvarmesystemet som skal varme opp skulen.

Området rundt busshaldeplassen ved FV 44 er planlagt opparbeidd til sommaren.

Arbeidet går fortsatt etter framdriftsplanen, og det betyr skulestart i januar 2018.



Oppfølging av elevundersøkinga 2016

I byrjinga av november gjennomførte me elevundersøkinga for 6. – 10. trinn. Då kom det fram, som me har nemnd tidlegare, at det var store utfordringar på 7. trinn.

Rett før vinterferien gjennomførte me ei ny elevundersøking på dette trinnet. Elevane sine tilbakemeldingar no er positive. Elevane på trinnet melder om at trivselen aukar, og at mobbinga har teke slutt. Skulen kjem fortsatt til å vera tett på dette trinnet for å sikre at den positive utviklinga held fram.

Tryggskule.no og mobbknapp på Ogna skule si heimeside

Alle skulane i Jærskulen, dvs. kommunane Hå, Klepp, Time og Gjesdal, samarbeidar om tiltak for å skape ein skule som er prega av trivsel og læring.

Med dette som utgangspunkt er det utarbeidd ei nettside www.tryggskule.no der de kan finne informasjon om arbeidet mot krenkingar og mobbing i skulen. Her finn de og lenker til andre nettstader om temaet.

På heimesida til kvar skule i Jærskulen vil det vera ein raud mobbknapp. Her kan de som føresette melda frå om mobbing. De kan sjølvst og melda frå gjennom telefon, e-post eller direkte kontakt med ein tilsett på skulen.

Foreldremøte våren 2017

Det skal gjennomførast foreldremøte på alle trinn i løpet av mai måned. Då vil de blant anna få informasjon om kven som vert kontaktlærarar på dei ulike trinna til hausten.

SFO

Hugs at fristen for å søke plass i SFO til hausten er 1. mai. Dersom de ikkje gjev beskjed om endring/oppseiing, vil tilbodet eleven har inneverande år verta vidareført til haustnen, jf. §4 i vedtektene for SFO. Vedtektene finn de på skulen si nettside. Føresette til dei som startar i 1. klasse til hausten får søknadskjema tilsendt i posten.

Pedagogisk bruk av IKT i undervisninga

Dette skuleåret har kommunen, saman med skulane, arbeidd med prosjektet "Pedagogisk bruk av IKT i skulane i Hå " Målet er at skulane og elevane skal nytta IKT på ein god og framtidsretta måte . Kommunen har nå konkludert. Det betyr å gå for ei innføring av Chromebook . Alle elevane skal få kvar sin Chromebook i løpet av dei neste to skuleåra.

Korslaget

Korslaget blei arrangert for sjuande gong på Varhaug skule 16. mars. For første gong var alle skulane med barnetrinn representerte. Elevane på 6. og 7. trinn frå Ognaskule gjorde ein kjempeinnsats og blei nr. 2, hårfint slått av Varhaug skule.

Dei to beste kora går vidare til den store kommunekampen i Jærskulen etter påske, og det betyr at Ognaskule og Varhaug skal representera Hå kommune.

Me gler oss til den store finalen!

Med helsing

Helge Håland
Rektor